

Ta kampen for gratis kjernetid i barnehagane

Det mest vellukka tiltaket i Groruddalssatsinga så langt var å innføra gratis kjernetid i barnehagane i Grorudalen. Ordninga, som òg gjeld Søndre Nordstrand, har ført til at mange fleire ungar går i barnehage, og evalueringa viser at det bidreg til betre skuleresultat både i norsk og andre fag. Ordninga er universell, sånn at alle uavhengig av bakgrunn eller inntekt nyt godt av tilbodet.

SV meiner at denne ordninga bør vidareførast, samt utvidast geografisk og aldersmessig. Evalueringa viser at sjølv om dei som gjekk i barnehage som 4- og 5-åringar lærte mykje norsk, var det framleis ein del som ikkje kunne godt nok norsk ved skulestart. Difor bør ordninga gjelda 3-åringar òg. Vidare er det andre bydelar i Oslo med mange av dei same utfordringane knytta til norskferdigheiter ved skulestart, ideelt sett burde difor ordninga omfatta større deler av, eller heile, byen.

Det raudgrøne byrådet var prisverdig klare i si byrådserklæring på at dei ynskjer i vidareføra ordninga, det same går fram av partiprogramma til alle byrådspartia. Det var imidlertid skuffande at Oslo-budsjettet for 2016 ikkje innehaldt noko om gratis kjernetid.

Det borgarlege byrådet hadde ein ideologisk aversjon mot nye, universelle velferdsordningar. Difor bad dei aldri staten om å vidareføra ordninga. Regjeringa har no signalisert at gratis kjernetid ikkje vil vera ein del av Groruddalssatsinga 2.0 frå 2017, tvert om vil ordninga bli fasa ut allereie sommaren 2016. I staden lener regjeringa seg på ei nyinnført nasjonal ordning der alle hushald med samla inntekt under 417 000 kr før skatt får gratis kjernetid for 3-5-åringar.

Oslo SV fryktar at resultatet av dette vil bli at mange ungar i Groruddalen ikkje får gå i barnehage. Med ei så låg inntektsgrense vil mange hushald der mannen jobbar og kona er heime, falla utanfor; resultatet kan lett bli at ungen blir heime med mora. I andre familiar jobbar både mor og far, men andre slektningar er villige til å ta seg av ungen. Inntektsgrensa er dessutan så låg at sjølv hushald der både far og mor er unge uføre vil falla utanfor.

Barnehage er ein viktig måte å jevna ut forskjellar på, ved å gje ungar likare mulegheiter i livet uavhengig av kven foreldra deira er eller kor mykje dei tener. Difor bør inngangsporten til barnehagane vera så brei som muleg. Serleg i område med mange med minoritetsbakgrunn og med låg yrkesdeltaking, er det viktig å stimulera til at flest muleg får gå i barnehage. Skal me lukkast med integreringa, er barnehagedeltaking fyrste steg.

Difor vil Oslo SV prioritera kampen for å vidareføra gratis kjernetid i Groruddalen som ei universell ordning høgt. Byrådet må ta ein alvorsprat med regjeringa i samband med forhandlingane om vidareføring av Grorudalsatsinga. Samstundes som byrådet kjempar for å vidareføra ordninga, må dei finne mellomløyser som treff fleire enn den nasjonale ordninga.

Oslo SV vil vidare jobba inn mot SV s nasjonale partiprogram, som no er under utforming, for å få inn ein politikk der for å sikra ein klart lågare makspris for alle, samt heving av inntektsgrensa i den nasjonale ordninga med gratis kjernetid. Oslo SV vil òg utfordra SVs stortingsgruppe til å fronta spørsmålet om statens haldning til gratis kjernetid som ein del av Groruddalssatsinga frå 2017. Dette bør mellom anna skje ved behandlinga av revidert statsbudsjett denne våren.